

## Månadsbrev oktober/november 2022



Tida går frå underteikna, men månadsbrev blir det, om litt vel seint, eller noko tidleg... Me har framleis behov for vikarar, både til undervising og i SFO, men nå har Åse Linn Jomås hjelpt oss godt ei god stund, og Liv Anne Haugdom og Karine Tjørhom Myhra er tilsette i 60% stilling kvar, for nå går snart Kristina ut i barselpermisjon. I tillegg har Corinna Krüger gått inn i tysk, og fleire hjelper til for å løysa SFO-kabalen medan Dagmar er i praksis og Nancy Marie er sjukmeld.

7. klasse hadde ei aktiv og maritim veke på leirskule og Åse-Berit lærte mykje om bevaring gjennom bruk på ASPnet-seminar i Nordhordland biosfæreområde. Det vart ein relativt våt haustferie, men Johan brukte han godt og vart nr. tre i Norgescupen i utfor på sykkel. Gratulerer! Etter ferien var alle med på ein flott konsert med Kim Rysstad - ei stemme for alle tider og for alle sjangrar - og Knut Ingolf Brenna på gitar. Medlemmene i Sirdal ungdomsråd har fått opplæring og omvising på kommunehuset, og trefte ordførar, kommunedirektør og utvalsleiar i oppvekst og levkår, men fekk ikkje med seg brannøving på Sinnes.



Alle dei andre elevane var raske ut og stilte fint opp på rett stad, så dette kan dei. Elles hadde ungdomsskulen ein kjempefin spelekveld med mykje god mat, lått og løye.



Den kulturelle skulesekken har mange spanande tilbod, og 18. oktober har 1.-7. klasse vore med på **gatekunstverkstad** med teip og forteljing, utarbeidd skisser og idear til sitt eige "indre monster" og dekorert litt på skulen.

24. oktober er det **SN-dag**, og den markerer me i år òg med flaggheising, appell og arbeid på trinnet med berekraftsmål (1-4) og landkonflikt (5-10). Lærarane skal ha **fagdag** saman med Tonstad skule og Sirdal vaksenopplæring om relasjonell klasseleiing med Kirsti frå PPT Lister same dag og 21. november. **Konserten** med Elin Furubotn vart utsett, så ho kjem tysdag 25. for å ha konserten sin. Det er som sagt ein del av den lokale kulturelle skulesekken. 8.-klassingane i Sirdal skal ha **MOT** saman på Sinnes og 10. klasse blir å høyra i **Klassequiz** på NRK Sørlandet same dag. Lukke til! 28.-29. oktober skal nokre i 9.-10. klasse på **hospitering** på Sirdal vgs., og 10. klasse skal på hospitering på ulike skular 9. eller 16. november. Dei har **arbeidslivspraksis** 14.-15. november, og då lurar me inn **Operasjon dagsverk** for alle 14. Det blir **foreldrekonferansar** på ungdomstrinnet i veke 44, medan småskuletrinnet gjorde seg ferdige i veke 42.



5.-7. klasse får nytt besøk i den kulturelle skulesekken 3. november, denne gongen av forfattar Bjørn Ingvaldsen som fortel den sanne historia om det første mennesket på månen; **Apollo - et lokomotiv på månen**. 11. november er dagen for **BliMe-dans**, og 18. november er **planleggingsdag** for lærarane og dermed fri for elevane. Merk at **SFO har planleggingsdagar** både torsdag 17. og fredag 18. november! Dermed er det **onsdagsskule** 16. november for 1.-4. klasse.

21. november er det **eventyrstund** for 1.-4. klasse, for då fortel Mehda Zolfaqari eit kjend folkeeventyr frå Iran saman med elevane. Plutseleg er det 27. november og **første søndag i advent** og **julegrantenning** på skulen 28., før 9. klasse skal ha **MOT-samling** på Tonstad 30. november.

Sinnes 20.10.22, Åse-Berit (rektor)

